



ÅRSMELDING

2014

TRYGDERETTEN

TRYGDERETTENS VERDIAR

Trygderetten arbeider etter fem sentrale verdiar.

- Rettstryggleik
- Effektivitet
- Informasjon
- Samhandling
- Evaluering

Nokre ord om kvar enkelt verdi:

• Rettstryggleik

Dette er kjerneverdien i Trygderetten, og årsaka til at institusjonen vart oppretta i 1967. Sjølvstende, rette avgjerder og tilstrekkeleg grunngeving står sentralt i denne samanhengen.

• Effektivitet

I dette ligg at sakene må avgjerast innan rimeleg tid. Dette er også ein viktig del av rettstryggleiken. Vidare vil vi innrette verksemda og utføre arbeidet vårt på ein kostnadseffektiv måte.

• Informasjon

Trygderetten vil gjera verksemda og avgjerdene kjende for partane og ålmenta på ein god måte. Denne verdien stiller også krav til oss om tilgjenge og service andsynes publikum.

• Samhandling

Dette er vår interne verdi som bør prege arbeidsforma vår. Vi vil utvikle ein kultur basert på at alle arbeider for å nå Trygderettens mål, samt å dele på erfaringar og kunnskap for å nå desse. Av denne verdien utleier vi våre mål knytt til arbeidsmiljø, personal-, kompetanse-, organisasjon- og IT- utvikling.

• Evaluering

Vi skal ettersjå og lære av eigen praksis og vurdere eiga verksemd med sikte på forbetring.

INNHALD

1. Leiaren si melding for 2014	4
2. Organisasjon	7
3. Formål og hovudprioriteringar	9
4. Saksutvikling i 2014	10
4.1 Mottatte og behandla saker.....	10
4.2 Saksbehandlingstid.....	11
4.3 Saksbehandlingstid.....	12
4.4 Oversikt over sakstypar i 2014.....	13
4.5 Avgjorde saker fordelt på fullt grunngjevne orskurdar og orskurdar med forenkla grunngjeving.....	14
4.6 Resultat av ankebehandlinga.....	15
5. Måloppnåing i 2014	16
5.1 Arbeid for kvalitet og samordning av praksis.....	16
5.2 Produksjonsmål.....	19
5.4 Informasjon.....	21
6. Likestilling	22
7. Blikk på saksbunken	23
8. Perspektivet framover	32
9. Økonomi/rekneskap	34
9.1 Leiarkommentarer til årsrekneskapen.....	34
9.2 Stadfesting.....	34
9.3 Vurdering av vesentlege forhold.....	34
9.4 Tilleggsopplysningar.....	35

1. Leiaren si melding for 2014

Sidan 2009, som var det året med lågast saksinnngong til Trygderetten på 2000-talet, har saksinnngongen auka jamt. Frå 2013 har derimot saksinnngongen auka betydeleg. Sidan 2012 har veksten vore på heile 38 prosent. Årsveksten frå 2013 til 2014 utgjorde 22 prosent. I 2014 har vi hatt den høgste saksinngangen sidan begynnelsen på 2000-tallet.

Når det gjeld talet på saker, betyr dette at det kom inn 655 fleire saker i 2014 enn i 2013, og 1302 fleire saker enn i 2009. Svært mange saker kom inn mot slutten av 2014, og 2015 viser at tendensen held fram.



Trygderettens leiar
Knut Brofoss

NAV gjorde i løpet av 2013 og 2014 ei betydeleg endring i organiseringa av saksbehandlinga i klageinstansen, med eit vesentleg større innslag av sentralisering og spesialisering. Dette er truleg noko av forklaringa på den auka saksinnngongen i Trygderetten. Den viktigaste årsaka er likevel at NAV Klageinstans i 2014 fekk tilført 20 millionar kroner ekstra med sikte på å auke produksjonen og bygge ned restansar.

I tillegg har også Statens pensjonskasse hatt ei opprydding i 2014: Talet på saker har auka frå 73 i 2013 til 162 i 2014.

Fordelinga av saker per saksområde er relativt stabil, med unntak av eitt område. Talet på saker i samband med uføreytingar aukar no betydeleg og utgjer i 2014 20 prosent av dei sakene som er komne inn. Dette utgjer 733 saker, og er ein auke på 90 prosent samanlikna med 2013. Til gjengjeld var saksinnngongen tidlegare år usedvanleg låg, på det lågaste 257 innkomne uføresaker i 2012. Talet er no på nivå med 2008, som var eit år med relativt låg samla saksinngang, og framleis betydeleg lågare enn dei første åra på 2000-talet. Det er i og for seg forventa, då ein i mellomtida har innført ei intern klagebehandling i NAV også når det gjeld uføresaker.

Produksjonen av orskurdar er også aukande. I 2014 vart det avsagt 8 prosent fleire orskurdar enn i 2013, og 28 prosent fleire orskurdar enn i 2009. Når det gjeld talet på orskurdar betyr dette at Trygderetten avsa 223 fleire orskurdar i 2014 enn i 2013, og 628 fleire orskurdar enn i 2009. Dette er ei god utvikling, men dessverre ikkje nok til å halde restansenivået innanfor målsetjingane våre. Restansen av ubehandla saker var ved utgangen av 2014 på 1408 saker. Dette betyr at talet på ubehandla saker auka med 536 saker (61 prosent) i 2014.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid steig frå 3,1 månadar i 2013 til 3,7 månadar i 2014. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har dei siste 10 åra lege på 4,1 månadar, slik at årets resultat likevel må seiast å vere godt. Det er derimot på det reine at tendensen diverre er negativ.

Rundt 90 prosent av sakene vert avgjort innan seks månadar, i tråd med målsetjingane, og 18 saker vart liggjande meir enn 9 månadar. I 2013 var tilsvarande tal 97 prosent og 15 saker.

I 2014 vart 24,7 prosent av dei overprøvde vedtaka endra i favør av den ankande part. Talet

på saker som har blitt endra til gunst har halde seg stabil over tid. Det har også fordelinga av gunstandelen mellom dei sakene som endar med ei omgjering i Trygderetten, og dei sakene som i form av ei formell avgjerd vert sendt tilbake til ny behandling i underinstansen (opphøving og heimvising).

Dommarar, heller ikkje i Trygderetten, kan ikkje bli instruert av andre i si dømmende verksemd. Dette vert sett på som heilt sentralt for rettstryggleiksgarantien, men medfører også at saker av same slaget kan få ulikt utfall avhengig av kva dommarar som er involvert. Slik er det også i dei ålmenne domstolar, frå Høgsterett og nedover, og slik er det også i Trygderetten.

Trygderetten er derimot opptatt av å sikre ein så einsarta praksis som mogleg, og det er brei intern forståing for omfanget av dette. Ei rekkje verkemiddel vert brukt for å oppnå einsarta praksis i størst mogleg grad. Eit slikt verkemiddel er å avseie retningsgivande orskurdar (orskurdar der retten er sett med fem medlemmer). Fire slike orskurdar vart avsagt i 2014, noko som er to fleire enn i 2013.

Ankesak 13/00700 gjaldt spørsmålet om opptening av ny rett til sjukepengar ved mottak av graderte ytingar etter folketrygdlova, i høve overgang fra tidsavgrensa uførestønad til arbeidsavklaringspengar.

Ankesak nr. 13/01882 gjaldt spørsmålet om det var grunnlovsstridig å bruke dei nye reglane for regulering av pensjonar (lønsutvikling minus 0,75 %) også på regulering av stortingspensjonar.

Ankesak nr. 14/00089 gjaldt spørsmålet om attendebetaling av for mykje utbetalt pensjon, der eit tidlegare vedtak var oppheva av Trygderetten, og vist heim til ny behandling. Ankemotparten (KLP) heldt på sitt tidlegare standpunkt, men føyde til eit subsidiært grunnlag.

Ankesak nr. 13/02520 gjaldt spørsmålet om det forhold at det låg føre ny sakkunnig vurdering av opplysningar som var kjent ved førre behandling, gav grunnlag for å ta opp att tidlegare avgjort sak.

Sjå også kapittel 7 nedenfor.


Også andre verkemiddel, som til dømes praksisoppsummeringar, er tekne i bruk for å freiste å få til ein mest mogleg einsarta praksis. Det må derimot understrekast at svært mange av sakene våre inneheld eit betydeleg innslag av skjønn, så vel juridisk som medisinsk og/eller av attføringsfagleg karakter. Det er illusorisk å tru at ein kan oppnå ein heilt einsarta praksis, også når ein tek med i vurderinga at det er ei stor mengd saker som vert behandla av Trygderetten kvart år.

Trygderetten er ein svært stabil arbeidsplass med få utskiftingar av faste tilsette i løpet av året. I 2014 gjekk leiar av administrasjonsavdelinga, Inger Lill Søberg, samt ein av dei juridisk kunnige rettsmedlemmene, Ole Tønseth, av med pensjon. Dei er erstatta av høvesvis Bent Syver Halden og Arnhild Haugestad. Vidare vart det tilsett to medisinsk kunnige rettsmedlemmer i 2014. Jan Harald Dobloug vart tilsett i fast stilling som rettsmedlem, medan Tone Federley er engasjert for ein periode på 14 månadar. Elles har det som vanleg vore ein

del utskiftingar i rettsfullmektiggruppa. Dette er opplæringsstillingar på 3-årig åremål, og ein vil difor naturleg nok ha utskiftingar kvart år. Rettsfullmektiggruppa er derimot styrka med tre rettsfullmektigar i løpet av 2014. Dette som eit svar på den sterkt aukande saksinngongen til Trygderetten.

2. Organisasjon

Medarbeidarar pr. 31. desember 2014



Ny organisasjon med inndeling i avdelingar vart etablert pr. 1. september 1997, og bygde på ein stillingsplan på 63 årsverk. Organisasjonsplanen vart gradvis gjennomført i løpet av 1998, og vart tatt i bruk fullt ut i 1999.

Med unntak av administrasjonsavdelinga er det ingen skilnad mellom avdelingane og dei behandlar alle same type ankesaker (berre avdeling 1 behandlar krigspensjonssaker, ein utgående sakstype). Inkomne ankesaker blir fordelt etter tur mellom avdelingane etter kvart som dei kjem inn, og fordelinga skjer etter eit tilfeldigheitsprinsipp.


Trygderetten har både juridiske, medisinske og attføringskunnige rettsmedlem. Trygderetten har også rettsfullmektigar, ei ordning som svarar til domarfullmektigordninga i tingretten. Verksemda består forutan leiar og avdelingsleiarar (1 avdelingsleiar har også vervet som nestleiar) av 24 andre faste rettsmedlem, 4 juridiske seniorrådgjevarar, og 15 rettsfullmektigar.

Leiaren, nestleiararen og minst eitt anna medlem skal fylle vilkåra for å vera høgsterettsdommar.

Trygderetten har pr 31. desember 2014, 72 tilsette fordelt på 66,1 årsverk. 2 av desse tilsette arbeida deltid på pensjonistvilkår i 2014.

I tillegg til å betjene eige verksemd, leverer administrasjonsavdelinga også administrative tenester til Statens Helsepersonellnemd, som er samlokalisert med Trygderetten.

Årsverksutvikling (2005-2014)



På grunn av ei sterk auke i saksinngangen frå byrjinga av 2000-talet vart talet på årsverk høgare enn tidlegare år, men vart redusert igjen i perioden 2007-2013 fordi saksinngangen har vore lågare.

Frå 2014 er det lagt opp til ei midlertidig auke i bemanninga fordi saksmengda stig sterkt.

3. Formål og hovudprioriteringar

Trygderetten skal treffe vedtak om individuelle rettar og plikter etter lov om folketrygd med fleire. Elles skal Trygderetten behandle dei sakene som etter særleg lovføresegn høyrer under Trygderetten, sjå lov om anke til Trygderetten av 16. desember 1966 nr 9.

Trygderetten er ikkje ein del av det alminnelege domstolsapparatet, men fungerer i realiteten som ein domstol. Mange av saksbehandlingsreglane er dei same som for vanleg rettargang. Til skilnad frå domstolane har det store fleirtalet av sakene i Trygderetten skriftleg saksbehandling.

Trygderetten kan ikkje bli instruert av noko anna organ om avgjerda i den einskilde sak. Domstolsbehandlinga av avgjerdene i Trygderetten skal skje ved lagmannsretten som fyrste instans. Det er sjeldan ei slik overprøving skjer. I dei seinare åra er det blitt tatt ut 50-70 søksmål for lagmannsrettane pr. år, der litt over halvparten kjem til realitetsbehandling. Trygderetten er i all hovudsak siste instans for saker etter pensjons- og trygdelovene. Dette er saker av stor velferdsmessig betydning for den einskilde. Trygderetten er difor ein svært viktig institusjon i sosialpolitisk samanheng.

I Prp. 1 S (2013 - 2014) er hovudmåla til Trygderetten skissert slik:

- Trygderetten skal avseie orskurdar som er i samsvar med gjeldande lovar og reglar
- Trygderetten skal behandle og avgjere sakene på ein slik måte at dei vilkåra som blir stilt til behandling i lov om anke til Trygderetten blir oppfylt
- Trygderetten skal avgjere sakene med ei forsvarleg saksbehandlingstid
- Behandle og avgjere sakene på ein slik måte at det gjev tillit både hjå den ankande part og ankemotparten
- Trygderetten skal handtere ei forventa auke i saksinngangen utan auka saksbehandlingstid
- Trygderetten skal avseie orskurdar som er retningsgjevande for trygdeforvaltninga og andre rettsbrukarar innanfor trygde- og pensjonsrettens område, og å koordinere Trygderetten sin eigen praksis

I departementet sitt tildelingsbrev til Trygderetten vart satsingsområda for 2014 beskrive slik:

Kvantitative styringsparametre:

- 90 % av sakene skal vera behandla innan seks månader
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal ikkje overstige fire månader
- Det skal vera minst 70 % fullt grunngjevne orskurdar

Rapporteringskrav:

- Talet på saker som er avgjort seinare enn 9 månader
- Talet på restansar
- Talet på saker som har blitt avgjort med 5 rettsmedlemmer

Målsetjinga blir ytterlegare konkretisert i den interne verksemdsplanen. Årsmeldinga gjev ei vurdering av måloppnåing i forhold til departementet sitt krav, i tillegg til hovudmål og eit utval delmål frå verksemdsplanen.

Rette avgjerder innan forsvarleg tid


4. Saksutvikling i 2014

4.1 Mottatte og behandla saker

Over 90 prosent av sakene gjeld anke over vedtak som er truffe av Arbeids- og velferdsetatens organ, der NAV Klageinstans er ankemotpart. Trygderetten behandler også ankesaker som gjeld retten til offentlig tenestepensjon. I desse sakene er ankemotparten offentlege tenestepensjonsordningar, som anten er administrerte av Statens pensjonskasse, av livsforsikringsselskap, eller av kommunale pensjonskassar. Trygderetten behandlar imidlertid ikkje avgjerder knytt til private tenestepensjonsordningar.

Talet på innkomne ankesaker til Trygderetten avhenger for ein stor del, av saksbehandlninga av klagesaker i Arbeids- og velferdsetaten. Deira kapasitet er blitt styrket dei siste par åra.

Mottatte og behandla saker (2005-2014)



Saksinngangen til Trygderetten auka sterkt sist på nittitalet, med ein førebels topp i 2001 med 6 182 saker. Saksmengda gjekk noko ned i 2002, men steig igjen i 2003. Frå 2005 og fram til og med 2009 har saksinngangen minska betrakteleg. Inngangen i 2009 utgjorde 38 % av det den var i toppåra 2001 og 2003. I perioden 2009-2011 auka saksinngangen noko, med ei viss nedgang igjen i 2012. I åra 2013 og 2014 har likevel inngangen auka drastisk, med 42 % i løpet av to år.


Spesielt sterk auke var det i 2014 då det kom inn 655 (22 %) fleire saker enn i 2013. Dette representerer den største auke på eitt år i Trygderetten si nyare historie.

Produksjonen av orskurdar hadde sin topp i åra 2001-2004, men har sidan vist fallande utvikling fra 2005 til 2009. Fra bunnpunktet i 2009 og frem til 2014 stig produksjonen igjen, med unntak av 2011, då den sank svakt.

4.2 Saksbeholdning

Begrepet restansar vert nytta med ei litt anna tyding i Trygderetten enn i ein del anna offentleg verksemd, der restansar ofte vert nytta om saker som ikkje er avgjorte innan ei viss tid, gjerne tre månader. I Trygderetten nyttar ein "restanse" om alle saker som enno ikkje er avgjorte i sakshandsaminga, uansett om saka berre er éin dag gamal. Ei viss "restansmengde" både vil og bør Trygderetten difor ha til ei kvar tid.

Ved utgangen av året hadde Trygderetten 1 408 ubehandla saker, mot 872 ved utgangen av 2013 og 762 ved utgangen av 2012.



I starten av 2000-tallet viste utviklinga i talet på ubehandla saker ein sterk vekst, fram til toppåret 2003. I perioden fra 2004 til 2006 sank talet betydeleg. I 2007 steig talet imidlertid med 23 %, før det i perioden 2008-2010 nesten vart halvert i forhold til 2007. I 2009 nådde talet sitt lågaste nivå på over 20 år.

Frå 2013 har talet på ubehandla saker igjen byrja å stige betydeleg, for å nå ein førebels topp i 2014 med 1 408 saker. Det er på nivå med åra 2005 og 2007.


Trygderetten fekk inn mange saker på slutten av 2014. I årets siste 8 veker kom det inn ca. 300 fleire saker enn på same tid i 2013.

4.3 Saksbehandlingstid

Frå byrjinga av 2000-talet og fram til 2004 auka den gjennomsnittlege saksbehandlingstida. Årsaken til det var ei betydeleg auke i talet på innkomne ankesaker, samstundes som det var eit mål å skrive fleire fullt grunnjevne orskurdar. I åra 2005 og 2006 sank behandlingstida markant, medan den for åra 2007 og 2008 gjekk noko opp, før den frå 2009 byrja å falle igjen.

I 2011 og 2012 auka snittet litt, før det sank til 3,1 månader i 2013. I 2013 var saksbehandlingstida på sitt lågaste punkt sidan byrjinga av 2000-talet. For 2014 stig den igjen, men framleis under målsetjinga på 4 månader.

I 2014 blei ca. 90% av sakene behandla innan seks månader, likt med målet, medan 18 saker blei over 9 månader gamle.



Trygderetten avsa 3 097 orskurdar i 2014.

Trygderetten mottok til saman 3 631 saker i 2014
- ein auke på om lag 655 frå 2013

Mottatte saker	3 631
Behandla saker	3 097
Ubehandla saker pr. 31.12	1 408

4.4 Oversikt over sakstypar i 2014

Saker vedrørende uføreytingar utgjorde i 2014 om lag 20 % av den totale saksmengda, og er det klart største saksområdet. Dette er vesentleg lågare enn for nokre år sidan, då dette området utgjorde om lag 50 % av saksinngangen. Dei andre sakstypane sin relative del har følgjelig auka dei siste åra.

%-vis fordeling pr saksområde	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Einslege forsørgjarar	3 %	3 %	1 %	2 %	2 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Sjukepengar	6 %	7 %	7 %	7 %	5 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Dagpengar	4 %	4 %	8 %	5 %	5 %	4 %	3 %	3 %	4 %	4 %
Arbeidsavklaringspengar	9 %	12 %	10 %	6 %	6 %	7 %	6 %	4 %	4 %	5 %
Ytingar under med. rehabilitering	6 %	9 %	9 %	9 %	11 %	18 %	15 %	14 %	12 %	15 %
Grunn - og hjelpestønad	4 %	4 %	6 %	7 %	9 %	7 %	7 %	9 %	9 %	8 %
Anna	35 %	34 %	35 %	33 %	26 %	28 %	30 %	28 %	27 %	24 %
Yrkesskader	9 %	11 %	10 %	11 %	13 %	10 %	12 %	11 %	12 %	11 %
Pensjonsutrekning	4 %	3 %	2 %	2 %	2 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Uføreytingar	20 %	13 %	10 %	18 %	22 %	26 %	26 %	32 %	32 %	33 %
SUM	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Nedgangen i talet på ankesaker fra 2003 skjedde i det alt vesentlege på uføreområdet. I 2003 kom det inn 3 076 uføresaker, det vil sei i overkant av halvparten av saksmengda. I 2005 var talet sunke til 1 347, om lag ein tredjedel av sakene.

Innføringa av tidsavgrensa uførestønad frå 1. januar 2004, og høve til å klage éin gong i etaten før eventuell anke til Trygderetten, forklarar det aller meste av nedgangen i perioden fram til 2007. Inngangen av desse sakene haldt fram med å synke i heile perioden fram til 2012, då ein nådde eit førebels bottnivå på 256 saker.

I 2014 har inngangen av uføresaker omtrent dobla seg, men framleis er den ikkje større enn den var i 2008, eit år der den samla saksinngangen utgjorde ca. 75 % av inngangen i 2014.


Sakene som er omfatta av «Anna» i figurane over, inkluderer blant anna saker som gjeld tilbakekreving av feilutbetalt stønad og saker om offentleg tenestepensjon i KLP og Statens pensjonskasse.

4.5 Avgjorde saker fordelt på fullt grunnjevne orskurdar og orskurdar med forenkla grunnjeving

Den primære oppgåva til Trygderetten er å treffe avgjerder i enkeltsaker. Men det er også eit mål å søke og trekke opp retningsliner for framtidig praksis.

Hovudregelen i lova er at Trygderetten sine orskurdar skal grunnjevast. Dersom retten samrøystes finn at anka ikkje kan føra fram og ein kan rekna med at resultatet av orskurden ikkje får noko betyding utover den saka som ligg føre, var det inntil 1. januar 2004 heimel i lova for at retten kunne unnlata å gje grunnjeving. Denne tilgangen er frå same dato oppheva og erstatta med tilgang til å bruke forenkla grunnjeving. Dermed skal det gjevast ei grunnjeving i alle saker, enten forenkla eller full grunnjeving. Alle saker som blir avgjort til gunst for den ankande part, skal ha full grunnjeving.

Alle som har hatt en orskurd i Trygderetten får dermed ein grunnjevnen orskurd, dei fleste i form av ein orskurd med fullstendig grunnjeving og de resterande i form av en orskurd med forenkla grunnjeving. Alle saker som vert avsagte til gunst for den ankande part, skal ha full grunnjeving.




I 2014 vart det avsagt 2 371 orskurdar (77 %) med full grunnjeving i Trygderetten og 726 orskurdar med forenkla grunnjeving.

**Stor auke i orskurdar med full grunnjeving
– frå 60 % i 2005 til 77 % i 2014.**

4.6 Resultat av ankebehandlninga

Trygderetten si behandling av eit vedtak kan få tre utfall. Vedtaket kan stadfestast, eller omgjørast; heilt eller for ein del av vedtaket. Det inneber at Trygderetten sjølv treffer realitetsvedtak i saka. Det tredje alternativet er at Trygderetten kan oppheve vedtaket og heimvise saka til ny behandling i vedkomande etat, såkalla heimsending. Det siste skjer i tilfelle der retten finn at saka ikkje er godt nok opplyst frå forvaltninga si side.



I om lag 75 % av sakene blir resultatet at vedtaket vert stadfesta. Denne delen har halde seg ganske konstant sidan tidleg 2000-tal, og det er heller ikkje store svingingar i forholdet mellom omgjering og oppheving dei siste åra.

I 2014 vart 14,2 % av sakene heilt eller delvis omgjort. 10,5 % av sakene ble oppheva og heimsendt.

5. Måloppnåing i 2014

5.1 Arbeid for kvalitet og samordning av praksis

Trygderetten har også i 2014 gjennomført mange tiltak for å utvikle kvaliteten og koordinere praksisen. Dette er ein kontinuerleg prosess som til ei viss grad må tilpassast saksinngangen.

Trygderetten skal ivareta omsynet til likebehandling, ha fokus på einsarta praksis, og prøve å samordne denne på best mogleg måte.


Trygderetten har to databaser der dommarane har enkel tilgang til det rettskjeldematerialet Trygderettens praksis representerer. Ankebasen inneheld samandrag frå orskurdane, medan orskurdsbasen inneheld alle orskurdar tilbake til 1990-talet i fulltekstversjon. I arbeidet med ankesakene vert det søkt i dei ulike databasane for å finne praksis i liknande saker.

Det er retningsliner for å melde frå om saker som kan vere aktuelle å setje med fem medlemmer.

- Veilederen (rettleiaren) er eit dokument som gir ei samla oversikt over saksgong og saksbehandling i Trygderetten. Arbeidsgruppa gjer ei årleg justering i tråd med lovendingar eller endringar i rutinar m.m.
- Innblikk: Regelmessig presentasjon av avgjorte orskurdar som ein reknar med har ålmenn interesse.
- Rettskjeldehjelpa, ei samling av meir sentrale orskurdar frå Trygderetten, samt dommar frå Høgsterett og lagmannsrettane på trygderettsområdet.
- Faglege møter og årlege seminar der ulike tema knytt til samkøying av praksis er svært sentrale.
- På enkelte område vert det også gjort systematiske gjennomgangar og analyser av ei større mengd avgjerder.
- Av andre praksiskoordinerande tiltak kan nemnast at Trygderetten har eit felles opplæringsopplegg for nye tilsette dommarar og rettsfullmektigar i Trygderetten. Dette opplæringsopplegget vart revidert i 2014.

Prinsipielle orskurdar

Trygderetten skal prioritere arbeid med å avseie prinsipielle orskurdar (5-medlemsorkurdar) som vil være retningsgjevande for Arbeids- og velferdsetaten og for Trygderetten sjølv.



I 2014 vart det avsagt fire 5-medlemsorkurdar. Dette er ei dobling av talet frå 2013.

Anna

- Det er ferdigstilt eit fagnotat om kronisk smerte. Trygderetten har i 2014 hatt ein svært høg saksinnang, og arbeidet med fagnotat har difor vorte tona ned.
- Det har blitt arbeida vidare med forbetring av Trygderettens nettstad www.trygderetten.no. Den nye nettstaden, som mellom anna har ein betre søkefunksjonalitet, vart lansert ved utgangen av mars 2014.
- Det har ikkje vore behandla saker ved munnleg forhandling i 2014. Fire saker var beramma, men vart av ulike årsaker trukke.
- Opplæringsplan for rettsfullmektigar er ajourført. Arbeidet med oppgradering av ny versjon av saks- og arkivsystemet starta opp høsten 2014, og vert forventa å vere ferdigstilt i februar 2015.
- Det er utarbeida retningsliner for behandling av personopplysningar i Trygderetten.
- Arbeidet med å auke kvaliteten på orskurdane våre har vore ført vidare i 2014.

Trygdesaker i dei alminnelege domstolar

Både partar kan få prøva Trygderetten si avgjerd i lagmannsretten, dersom dei ikkje er nøgde med resultatet i saka. Med få unntak er det berre den private part som bringjer saka inn for lagmannsretten.

Trygdesaker behandla i lagmannsretten	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Tal på saker der stevning er teke ut	61	42	47	50	38	59	58	84	75	116
Talt på dommar i lagmannsrettane	57	39	37	41	28	61	50	40	54	53
- Staten frifunne	40	31	25	32	19	41	32	24	42	39
- Orskurden oppheva/kjent ugyldig	17	8	12	9	9	20	18	16	12	14

Ca. 30 % av dommane resulterte i at Trygderettens orskurd vart kjent ugyldig eller oppheva. Dette er omtrent på nivå med snittet for de siste 15 åra.

Det har til no vore relativt få trygdesaker som har vore behandla i Høgsterett.

Trygdesaker behandla i Høgsterett	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Tal på dommar	3	1	2	0	2	2	2	4	4	2
- Staten frifunne	1	0	1	0	2	1	2	2	1	2
- Orskurden oppheva/kjent ugyldig	2	1	1	0	0	1	0	2	3	0

Det kan vanskeleg lesast ut av avgjerdene frå domstolane at Trygderetten sine orskurdar ikkje held tilfredsstillande kvalitet. Lagmannsrettane er i svært få saker ueinig i Trygderetten si lovforståing, men har i enkelte saker vurdert den konkrete rettsbruken annleis. Dette kan ha samanheng med at det for lagmannsretten er lagt fram nye opplysningar, samt at lagmannsretten til dels har utvist eit litt meir liberalt skjønn.

Alt i alt vert Trygderettens orskurdar den endelege avgjersla i kring 98 % av dei sakene Trygderetten avgjer. Trygderetten følgjer utviklinga i saker som vert handsama i domstolane nøye, og vurderer løpande eventuelle konsekvenser for praksis og saksbehandling.

5.2 Produksjonsmål

Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2014

- Trygderetten mottok i 2014 i alt 3 631 saker – ei auke på 22 % frå 2013
- Trygderetten produserte 3 097 orskurdar i 2014 - ei auke på 8 % frå 2013
- 77 % av orskurdane vart gitt med full grunngjeving - på same nivå som i 2013
- Det vart avsagt 4 prinsipielle orskurdar (5-medlemsorskurdar) i 2014 - 2 fleire enn i 2013
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i månader auka frå 3,1 mnd. i 2013 til 3,7 mnd. i 2014
- 14,2 % av sakene vart heilt eller delvis omgjort i 2014. 10,5 % av sakene ble oppheva og heimsendt.



Kvantitative styringsparameter:

Mål	Resultat 2014	Utvikling
90 % av sakene skal vere behandla innan 6 mnd.	90 % av sakene vart behandla i Trygderetten innan 6 mnd. i 2014.	Dette er ein nedgang på 7 prosentpoeng frå 2013.
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal ikkje overstige fire mnd.	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i Trygderetten var 3,7 mnd. i 2014.	Dette er ei auke frå 2013, som var historisk låg. Sannsynligvis vil den auke også i 2015.
Talet på fullt grunnjevne orskurdar skal vere minst 70 pst.	Talet på orskurdar med full grunngeving har auka dei siste åra, men flata ut i 2013 og 2014. I 2014 vart 77 % av orskurdane avgjeve med full grunngeving.	Dette er på same nivå som i 2013, og den ligg på eit nivå som representerer gjennomsnittet for dei siste 5 år.

Rapporteringskrav:

	Resultat 2014
Talet på saker som er avgjorte seinare enn 9 månader	18
For 2014 fekk vi ei svak auke, og endte på 18 saker. I 2013 var det 15 saker. Målet er at ingen saker skal bli så gamle, men i nokon saker trekk tida ut, mellom anna fordi den ankande part/prosessfullmektigen ønskjer nye opplysningar henta inn. Det tar ofte lang tid, og krever gjerne ein del purring, å få desse opplysningane fra NAV.	
Talet på restansar	1 408
På dette punkt er måloppnåinga vesentleg svakare enn ønska. Restansane auka med 536 saker i 2014, og denne auken kom særskilt mot slutten av året. I årets siste 8 veker kom det inn ca. 300 fleire saker enn ved same tidspunkt i 2013. Ved årets utløp utgjorde dei 1 408 saker, noko som er 56 % svakare enn målsetjinga for 2014, om at restansane ikkje skulle overstige 900 saker. I 2014 har dette berre hatt mindre betydning for oppfyljinga av dei øvrige måla, men det representerer ein betydelig utfordring for verksemda i 2015.	
Talet på saker som har vært avgjort med 5 medlemmer	4

5.3 Helse-, miljø- og sikkerheit og personalpolitikk elles

Målsetjinga i Trygderetten er å ha eit fagleg kompetent og motivert personale som får høve til å utvikle, og byggje opp eigen kompetanse. Det skal leggjast vekt på helse, miljø og sikkerheitsarbeid.

Aktivitetar i 2014:

- Ergonomisk kartlegging/tilrettelegging etter behov
- Vernerunde er gjennomført og følgd opp

- Alle tilsette kan, i arbeidstida, nytte trimrommet to gonger i veka ("utvida lunsj" - om lag ein time pr. gong). Instruktør er til stades
- Det har blitt halde kurs i førstehjelp
- Møter med dei tillitsvalde og med arbeidsmiljøutvalet er halde etter fastsett møteplan

Oppfølging av IA-avtalen

Trygderetten er ei IA-bedrift. Ny avtale med NAV Arbeidslivsenter Oslo om inkluderande arbeidsliv vart inngått for perioden 2014-2018. Aktivitets - og resultatmål i den nye avtala er meir eller mindre uforandra frå tidlegare.

Universell utforming

Trygderettens lokale er så langt som det er rimeleg og mogleg utforma ut frå prinsippet om universell utforming. Lokala er i all hovudsak eigna for rørsle- og synshemma med behov for universell utforming. Unntaket er 8. høgda, i og med at heisen ikkje går lengre enn til 7. høgda. Heisane er utstyrt med punktskrift, og det er montert høgtalarar i heiskupéane.

5.4 Informasjon

Målsetjinga til Trygderetten er å gje god, konsistent og tilstrekkeleg informasjon om Trygderetten si verksemd og avgjerder.

Om lag kvart kvartal gjev Trygderetten ut "Innblikk" – ei elektronisk avis på heimesida (www.trygderetten.no). "Innblikk" inneheld samandrag av orskurdar av ålmenn eller prinsipiell interesse. Advokatar, ankemotpartar, media og andre interesserte kan teikne gratis abonnement på "Innblikk", og få elektronisk varsel når det kjem nye utgåver. Interesse for dette tilbodet har vore stort.

Trygderetten utarbeider ein serviceerklæring som er tilgjengeleg for brukarane på nettet. Denne saman med heimesida på internett set oss i stand til å gje målretta informasjon til brukargruppene.

Det er også utarbeida ein papirversjon av serviceerklæringa som vert sendt til den ankande part når orskurden er motteke i Trygderetten.

Trygderetten publiserar med få unntak alle sine fullt grunngjevne oskurdar i anonymisert form på sine heimesider www.trygderetten.no

**Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker avgjort i 2014
var på 3,7 månader**

6. Likestilling

Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal bli behandla uavhengig av kjønn. Ved tilsetjingar blir det i stillingsutlysingar lagt vekt på å understreke at arbeidsstaben skal spegle folkesetnaden både når det gjeld kjønn og kulturelt mangfald. Kvinner blir oppfordra til å søke dersom det er under 40 % kvinner i den aktuelle stillingskategorien.

Innan dei ulike stillingskategoriane var det pr. 31.12.14, 67 % menn blant rettsmedlemmene og 33 % kvinner. Blant rettsfullmektigane er tendensen motsett; delen menn og kvinner er høvesvis 20 og 80 %.

Blant det andre personalet (økonomi, personal, arkiv, IT, kontortjenester med vidare), er det 69 % kvinner og 31 % menn.

Lønnsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane er det same for kvinner og menn og alle har same arbeidstid. Delen kvinner og menn som er tilsette på deltid er om lag det same.



7. Blikk på saksbunken

Trygderetten avsa 3 097 orskurdar i 2014. Av desse var 2371 fullt grunngeivne. Vi har plukka ut og gjeve eit samandrag av ein del saker. Sakene er i hovudsak relatert til folketrygdlova (ftrl.). Hovudtyngda av avgjerdene i Trygderetten gjeld denne lova.

Del I. Innleiande føresegner

Orskurd av 24. januar 2014. Ankesak nr. 13/02285. Ftrl. § 1-8. Formål og definisjoner – arbeidstakere. For heltidslønnet ordfører forelå rett til sykepenger som "arbeidstaker".

Omgjøring av vedtak om ikke å gi refusjon for sykepenger utbetalt til ordfører i arbeidsgiverperiode. I motsetning til NAV gikk retten ut fra at heltidsgodtgjort ordfører var omfattet av arbeidstakerbegrepet i folketrygdloven § 1-8. Det ble lagt til grunn at dette var i samsvar med tidligere praksis i trygdeforvaltningen. Arbeidsbelastningen i slik tjeneste tilsa at det forelå samme behov for inntektssikring ved sykdom som det arbeidstakere i vanlige arbeidsforhold hadde. Ordføreren sto i et underordningsforhold til kommunestyret, og brukte kommunale lokaler og utstyr som arbeidstakere i arbeidsforhold. Ordlyden i § 1-8 tilsa at heltidstilsatte ordførere var omfattet, og det samme gjaldt reelle hensyn. Øvrige rettskilder talte ikke avgjørende imot. Staten har brakt saken inn for lagmannsretten. Frostating lagmannsrett var i dom 22. april 2015 enig i Trygderettens resultat og frifant kommunen.

Del II. Berekningsreglar. Pensjonsgjevande inntekt

Orskurd av 2. mai 2014 Ankesak nr. 14/00150 Ftrl. § 3-2. Pensjonsberegning – grunnpensjon. Rett til redusert grunnpensjon kunne foreligge til tross for ekteskap.

Spørsmål om rett til 100 prosent grunnpensjon på tross av inngått ekteskap. Folketrygdloven § 3-2. Omgjort. En 79 år gammel enkemann som fikk redusert sin grunnpensjon til 85 prosent etter at han inngikk nytt ekteskap. Han anførte at han og ektefellen aldri hadde bodd sammen, hadde hver sin bolig, hver sin økonomi, hver sin husholdning og hver sin familie. Retten mente at han i en slik situasjon ikke kunne anses for å leve sammen med sin ektefelle i lovens forstand og viste til at Arbeids- og velferdsdirektoratet i sitt rundskriv hadde gitt anvisning på at hvis folkeregisteret har godkjent flyttemelding fra en av ektefellene som har flyttet ut av felles hjem, anses ektefellene for å leve atskilt. Tilsvarende måtte forutsetningsvis også gjelde i tilfeller hvor folkeregisteret, på tross av melding om ekteskap, hadde godkjent at ektefellene står registrert på hver sin adresse, mente retten.

Orskurd av 21. mars 2014. Ankesak nr. 13/2500. Ftrl. § § 3-21. Pensjonsberegning. Antatte framtidige pensjonspoeng for unge uføre født etter 1940. Uttalelser om kravet til alvorlig tilstand.

Omgjøring. Vedkommende hadde lidd av til dels svært alvorlig angst siden 11-års alderen. Han var nå diagnostisert med engstelig-unnvikende personlighetsforstyrrelse som av klinisk psykolog var ansett å ha vært en viktig årsak til sykdomsbildet også som barn. Uføretidspunktet var satt tilbake til før han fylte 26 år. Selv om han hadde ruset seg en del, var dette underordnet i sykdomsbildet. Om kravet til alvorlig tilstand, uttalte retten, at selv om dette

språklig var knyttet til den medisinske tilstanden, kunne det ikke ses å gjelde andre kriterier for vurdering av alvorlighet enn hvilke følger tilstanden hadde for funksjonsevnen. Retten anså at sykdommen i praksis var eneårsak til at han var ufør allerede da han fylte 26 år og at han fylte vilkårene for å få beregnet uførepensjonen etter særreglene for unge uføre.

Del IV. Ytingar ved sjukdom m.m.

Orskurd av 24. januar 2014. Ankesak nr. 13/02230. Ftrl. § 6-3. Grunnstønad. Ekstraavgifter som følge av tvangslidelse.

Stadfestelse. Vedkommende hadde en tvangslidelse i form av uvanlig ofte vasking av seg selv, hus, klær og sengetøy, samt alle ting som kom inn i hjemmet utenfra. Lidelsen ga ekstraavgifter grunnet slitasje på klær og sengetøy, samt ekstraavgifter til rengjøringsprodukter. Retten kom til at ekstraavgiftene ikke var nødvendige fordi de ikke var knyttet til et formål som kunne redusere eller kompensere for de spesielle problemene som tvangslidelsen medførte. Slitasje på klær og sengetøy grunnet uvanlig ofte vasking på grunn av tvangslidelse falt utenfor det siktemål som grunnstønadsordningen var ment å dekke.

Orskurd av 9. mai 2014. Ankesak nr. 13/00700 Ftrl. § 8-12. Sykepengar – antall sykepengedagar. Opptjening av ny rett ved mottak av graderte ytelser etter kap. 12 i folketrygdloven. Arbeidsavklaringspengar etter overgangsreglar basert på tidlige mottak av uføreytelser ga ikke ny opptjening der en person ble sykmeldt etter vedkommendes periode med uføreytelse var utløpt. Orskurd med utvidet rettsammensetning – “femmedlemsorskurd”.

Medlemmet var innvilget tidsbegrenset uførestønad (TU) ut mai 2010, men ytelsen ble fra 1. mars 2010 erstattet av arbeidsavklaringspengar. Parallelt med dette arbeidet hun i en deltidsstilling. I juli 2010 ble hun sykmeldt fra deltidsstillingen. Kravet om sykepengar ble avslått, fordi hun ikke hadde tjent opp ny sykepengarrett. Anken førte ikke fram. Rettens flertall kom til at forskriften om overgangsreglar i forbindelse med innføringen av arbeidsavklaringspengar ikke var anvendelig i saken, da hun ble sykmeldt etter utløpet av den perioden hennes TU var gitt for. Det forelå heller ikke rett til sykepengar etter folketrygdloven § 8-12 tredje ledd. Hun hadde mottatt graderte ytelser etter kapittel 12 i kombinasjon med arbeid i 26 uker, men mottok på sykmeldingstidspunktet ingen ytelse etter kapittel 12. Mindretallet mente det ikke var grunnlag for å stille opp et krav om mottak av ytelse etter kapittel 12 på sykmeldingstidspunktet, men at dette kravet kun refererte seg til opptjeningssituasjonen.

Orskurd av 27. juni 2014 Ankesak nr. 14/00900. Ftrl. § 8-12. Sykepengar – antall sykepengedagar. Sykepengar etter fylte 67 år der arbeidsuførheten skyldes yrkesskade.

